



MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtedato: 28.01.2010
Møtetid: 14:00 - 19.30
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

| | |
|-------------------------------------|---|
| Desse medlemene møtte ikkje: | I staden møtte: |
| Marion Langhelle Pedersen | Jon Magne Bogevik kom til møte kl 15.00 |

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann Tone Ramsli, ass. rådmann Hilde-Lill Våge, einingsleiar for teknisk og einingsleiar for kultur var med under handsaming av sak 2/10.

Merknader: Møtet starta før det var kunngjort fordi møtet i administrasjonsutvalet slutta tidlegare enn planlagt. Av omsyn til at møte var eit ope møte handsama utvalet først sak 4/10 som er ei lukka sak, og delar av skriv og meldingar vart gjennomgått. Handsaming av dei andre sakene vart starta opp kl 15.00 i samsvar med kunngjeringa.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 02.02.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|-------------------------------|----------|---|---------|
| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
| 001/10 | 10/54 | Faste saker | |
| 002/10 | 09/17 | Fleirbrukshall i Samnanger | |
| 003/10 | 09/692 | Styringsgruppe og organisering av arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger | |
| 004/10 | 10/49 | Søknad om tilskot frå Næringsfondet til etablering av heste-/ridesenter - Gro Bauge | |
| 005/10 | 10/50 | Arbeidsgjevarpolitikk strategiske val - uttale til KS 2010 | |
| 006/10 | 09/562 | Nytt regulativ for avgifter teknisk sektor og fastsetting av prisar for 2010 | |
| 007/10 | 09/565 | Festeavgift 2010 - Ny handsaming | |
| 008/10 | 10/53 | Planlegging av industriareal Rolvsvåg | |

SAKNR. 001/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET.

Handsaming i møtet:

I møtet vart det orientert om

- Ytre Tysse –anbod høgdebasseng og arbeidet for å få fram anbodsmateriale tusenårsstad og kai.
- Status for arbeidet med bygging av personalrom/reiskapshus ved kyrkja. Med bakgrunn at det er kome inn anbod både for høgdebasseng og personalrom/reiskapshuset ved kyrkja som ligg over løyvingane må desse sakene opp til ny handsaming i kommunestyret før arbeid kan settast i gang. For ikkje å missa tid, vert det kalla inn til ekstra møte i personal- og økonomiutvalet **torsdag 4.2.2010 kl 16.30** slik at handsaming kan skje i kommunestyret den 18.2.2010.
- Tunell på Gjerde- Vegvesenet opplyser at vedlikehald av den ligg inne i ein større tiltaksplan, og det er planlagt arbeid her i mars.
- Trafikksikring på Ytre Tysse. Det er gjennomført teljing av bilar med måling av fart. 20.000 bilar er registrert, snittfart er 37 km./t. 85 % har fart over 45 km./t. Dette er i fylgje vegvesenet så høgt at det må til tiltak.
- Tingingar med dei tilsette knytt til godtgjering for kompetanse skal gjennomførast i nær framtid. Retningslinjene for tingingane er nedfelt i lønspolitisk plan.
- Finansiering av kompetansesenteret for småkraft for 2009.Næringsfondet vert nytta.
- Konesjonskraft – sal og inntekter 2010
- Rapport for gjennomgang av delar av pleie- og omsorgstenestene utarbeidd av Agenda var sendt ut på førehand. Det vart kort drøfta status for planarbeid utbygging Samnangerheimen og at ein i dette planarbeidet må ta omsyn til den varsla samhandlingsreformen.

Utvalet sitt kvarter:

Øyvind Røen viste til kyrkjebrannen i Hønefoss og til tidlegare diskusjonar om sikring av kyrkja på Ådland mot brann – automatisk varsling og slukking.

Etter å ha undersøkt saka viser seg at i kyrkja er det ein innbrotsalarm, men det er ikkje brannvarslingsanlegg.

Jon Magne Bogevik etterpurde informasjon om rekneskapsresultat for 2009.

Rådmannen informerte om at det er fortsett ein del arbeid att med avslutninga av rekneskapan, men som tidlegare nemnd er det svært truleg at me får eit overskot.

Bright Olav Gåsdal ba om informasjon om folketalet.

Rådmannen informerte om at endeleg folketal vert først klart 18.02.2010. Men at SSB har berekna folketalet pr. 31.12.2009 til 2370. Informasjon frå folkeregisteret er at pr. medio januar var talet 2378.

Det var ikkje merknader til innkalling og saklista. Protokollen vart godkjend.

PØ-001/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegererte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/10

FLEIRBRUKSHALL I SAMNANGER

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Leiar av teknisk eining ga ein presentasjon av saka før drøftingane tok til.

Marit A Aase sette fram slikt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert lokalisert på Bjørkheim. (Jmf. kart av 15.01.2010).

Det vert utarbeidd ein områdeplan avgrensa til område mellom avkøyringa til Lauvskar og avkøyringa til Nordbygda skule.

Kommunestyret får seg førelagd ei sak til neste møte der ein skal ta stilling til mandat, organisering og framdrift for arbeidet. Kostnader og finansiering samt kva funksjonar som er aktuelle å ha i Samnangerhallen skal inngå i saksutgreiinga.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

Øyvind Røen, Jon Magne Bogevik og Vidar R Rolland sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Dette inneber at det ikkje er mogleg å nytta fleirbrukshallen som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Dermed må skulestrukturen i Samnanger takast opp på nytt i kommunestyret.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

3 røysta for framlegget frå Røen m.fl og 2 for framlegget frå Aase. Framlegget frå Røen vart då vedteke.

PØ-002/10 VEDTAK:

Samnanger kommune har som mål å byggja ein fleirbrukshall. Hallen vert plassert i området mellom Bjørkheim og bussgarasjen i Haukaneset. Dette inneber at det ikkje er mogleg å nytta fleirbrukshallen som gymnastikksal for skulen i Reistadliane. Dermed må skulestrukturen i Samnanger takast opp på nytt i kommunestyret.

I samband med rullering av arealplan for kommunen skal området Bjørkheim/Lauvskar/Haukaneset vurderast som utbyggingsområde til næring, offentlege føremål og bustad.

SAKNR. 003/10

STYRINGSGRUPPE OG ORGANISERING AV ARBEIDET MED NY SKULESTRUKTUR I SAMNANGER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område. Mandatet til prosjektgruppa er vedtak i sak 57/09: Framtidig skulestruktur i Samnanger, langsiktig og kortsiktig løysing.

PØ opprettar ei gruppe som for ansvar for namn på barneskulen.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen sette fram slikt framlegg til vedtak.

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda:

Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg til vedtak og Røen sitt framlegg. 3 røysta for framlegget frå Røen og vert vedteke. 2 røysta for framlegget frå rådmannen.

PØ-003/10 VEDTAK:

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda:

Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.

SAKNR. 004/10**SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET TIL ETABLERING AV HESTE-/RIDESENTER - GRO BAUGE****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert gitt eit tilskot på kr 75.000 til etablering av heste-/ridesenter. Føresetnaden for at tilskot vert betalt ut er at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med søknaden.

Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

PØ-004/10 VEDTAK:

Det vert gitt eit tilskot på kr 75.000 til etablering av heste-/ridesenter. Føresetnaden for at tilskot vert betalt ut er at prosjektet vert fullfinansiert og gjennomført i samsvar med søknaden.

Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

SAKNR. 005/10**ARBEIDSGJEVARPOLITIKK STRATEGISKE VAL - UTTALE TIL KS 2010****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Marit A Aase sette fram eit framlegg til vedtak som vart samrøystes vedteke.

PØ-005/10 VEDTAK:

”Kommunesektoren ser muligheter”

Med bakgrunn i kap. 3 i Heftet ”Arbeidsgjevvarolla i framtida`s kommunar” og Strategikonferansen for Hordaland 12-13 jan vil Samnanger kommune gje følgjande uttale: Det er viktig at KS vidare kan bistå kommunane/kommunesektoren i arbeidet med å styrka omdømet.

1. Inspirera og motivera medlemmane i eige arbeid med å rekruttera og utvikla gode fagmiljø tilpassa lokalt behov.
2. At politikarane/kommunestyret får auka forståing for betydningen av å løfta fram eigen administrasjon som dyktige og engasjerte fagfolk. (Jfr. Magne Lerø sitt foredrag på konferansen).
3. At konkrete gode rekrutteringsprosjekt vert delt vidare slik at fleire kan få lyst til å jobba i kommunal sektor. (Jfr prosjekt som vart vist frå Nordhordland om helsefagarbeidarar sine muligheter, glede og stoltheit over arbeidet deira).

SAKNR. 006/10

NYTT REGULATIV FOR AVGIFTER TEKNISK SEKTOR OG FASTSETTING AV PRISAR FOR 2010

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen la fram eit tillegg som omhandlar betaling for sal av kart og informasjon.

Utvalet ga uttrykk for uro over den store veksten i gebyra, men dei held fast på at Samnanger kommune skal nytta sjølvkostprinsippet. Det vert derfor viktig at administrasjonen har kontroll med utgiftene og fordeler dei riktig innan dei ulike områda.

Utvalet vedtok samrøystes regulativ og satsar i samsvar med vedlegg dagsett 22.01.2010

PØ-006/10 VEDTAK:

Samnanger kommune nyttar sjølvkostprinsipp for fastsetjing av gebyra.

Regulativ og satsar for 2010 dagsett 22.01.2010 vert vedteke.

SAKNR. 007/10

FESTEAVGIFT 2010 - NY HANDSAMING

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for å endra festeavgifta for ein del gravar slik soknerådet har tilrådd.

PØ-007/10 VEDTAK:

Det vert kravd 25% avgift for graver som ikkje kan brukast om att på grunn av omregulering av gravplassen.

SAKNR. 008/10

PLANLEGGING AV INDUSTRIAREAL ROLVSVÅG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Inntil kr 200.000 av løyvde midlar til planlegging av industriområdet i Rolvsvåg vert omdisponert frå øvre industriområdet til området langs sjøen. Jfr. kart dagsett 22.1.2010.

Samnanger kommunen søkjer om tilskot frå regionalt fond – BNU – til vidare planlegging og tilrettelegging av næringsareal i Rolvsvåg.

28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak. Ein føreset at før arbeidet vert sett i gang vert det avklara med overordna mynde om dei aksepterer at det aktuelle arealet vert nytta til næringsføremål.

PØ-008/10 VEDTAK:

Inntil kr 200.000 av løyvde midlar til planlegging av industriområdet i Rolvsvåg vert omdisponert frå øvre industriområdet til området langs sjøen. Jfr. kart dagsett 22.1.2010.

Samnanger kommunen søkjer om tilskot frå regionalt fond – BNU – til vidare planlegging og tilrettelegging av næringsareal i Rolvsvåg

